

## Referat frå Elevrådsmøte tysdag 14.01.25

**Til stades:** Marcus og Sarah frå 8A, Malin og Victor frå 8B, Håkon og Alexander frå 9A, Ane og Theo frå 10A, Emilie og Noah frå 10B og Grete

**Forfall:** Lina og Emely frå 9B

### **Sak 1. Informasjon frå FAU møtet med leiar og nestleiar.**

Vinterballet blir 31. januar kl 19.00-23.00. Det er eit rusfritt arrangement. Det blei drøfta ulike kåringar og antalet, mobilbruk, samt programmet for kvelden. FAU ba og elevrådet om å ta ansvar for å finna nokon å vera konferansier, laga speleliste, informera 8. trinn og laga plakat. Ein kjøper billett ved å senda vipps til økonomiansvarleg i FAU Tom Håland. I år blir det 3 pizza stykker til kvar og ei brus. Det er høve til å kjøpa ekstra brus og det vil vera tilgang til vatn. Prisen er 180 kr, men om elevrådet går med på å sponsa 30 kr pr elev vil prisen bli 150 kr.

### **Sak 2. Sponsing av pengar frå elevrådet.**

Elevrådet seier det er greitt å bruka noko av pengane dei har, slik at prisen i år blir 150 kr.

### **Sak 3. Saker til avklaring**

- \* Elevane får lov å ha med mobil, og veit om reglane for mobilbruk.
- \* Kåringar: Me drøfta dei ulike innspela som er kome inn frå klassane. Forutan dei kåringane som allereie er bestemt (konge/dronning 10. trinn, kronprins/kronprinsesse 9. trinn og prins/prinsesse 8. trinn) valde elevrådet desse: årets syskenpar, årets sportsidiot, årets «chip», årets «gullunge» og årets diva.
- \* Forslag til underholding: grip mikrofonen og henteleiken
- \* Theo, Noah og Marcus tek ansvar for å laga plakat
- \* 10. trinn får ansvar for å finne nokon (2-3 stk ) som kan vera konferansier og laga til ei speleliste.
- \* Ane og Emilie fortel om vinterballet til elevane på 8. trinn

### **Sak 4. Saker frå elevane/klassane:**

- \* Etterspør tur, gjerne med faglege og sosiale aktivitetar
  - \* Ønskje om å gå på skøyter når det er is på Tjoatjørn
  - \* 8. trinn melder at det er lite tid på å eta når dei har arbeidslivsfag. \*
- Jentene på 8. trinn har eit ønskje om å eta i lag

**Referent,** Grete Reppe Håland (Elevrådskontakt)